



Fløssvika Utvikling AS
Kåre Romarheim
Leknesvegen 163
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1734 - 15/3096

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
10.02.2015

Tilbakemelding vedk reguleringsplan Leiknes Midtgård

Viser til dykkar epost av 09.02.2015.

De skriver:

Viser til prinsippavgjørelse i PMU sak 005/15 der det i vedtaket blir avklart at veileder T1490 skal legges til grunn for tolkningen av begrepet frittliggende småhus. Dette innebærer at det på alle tomter i område kan etableres tomannsboliger forutsatt at øvrige krav i reguleringsplan og PBL m/forskrifter er ivaretatt. Vi forventer at administrasjonen i Lindås kommune forholder seg til denne forståelsen og ber om deres bekreftelse på dette.

Plan- og miljøutvalet vedtok følgjande:

PM - vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsplanen i høve hustype og takvinkel og reguleringsføremål for Midtgård-Leiknes, for oppføring av tomannsbustad slik omsøkt.

Grunngjeving:

- Reguleringsplanen gjev rom for tvil i høve reguleringsføremål. Utvalet finn å legge til grunn klima- og miljødep. sin veileder pkt. 4.1.1. T 1490 planregulering.
- Saka vil ikkje gje presidens, da tomten ligg slik til at omsøkt tiltak er betre tilpassa omgjevnadane enn opprinneleg plan. Omsøkt takvinkel vil gje betre inntrykk for omgjevnadane mht solforhold og sikt. Bygget vil framstå som mindre dominerande i landskapet.
- Tiltak slik det er omsøkt vil gje området ein god heilskap. Det er teke omsyn til utsikt for naboar, samt innsyn på leikeplass og uteareal.
- Berørte naboar er samd i tiltaket.
- Tomten oppfyller krav til storleik til tomannsbustad. Uteareal/avkjørsle og parkering er godt ivaretatt. Fordelane er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Det er gjeve dispensasjon for oppføring av tomannsbustad på tomta.

Vi legg til grunn at saka ikkje gjev presedens. Etablering av tomannsbustader i einebustadfeltet er i strid med reguleringsplanen. Planen med forarbeid er klar på dette. Dersom kommunen ynskjer å endre dette utgangspunktet må det skje gjennom reguleringsendring.

Med helsing

Tor Hagle
avdelingsleiar byggesak

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Fløssvika Utvikling AS

Leknesvegen 163 5915

HJELMÅS